



VOSS KOMMUNE

Kommunalavdeling for pedagogiske tenester

Saksnr./løpenr./Arkivkode
12/1126-20- 21252/12 A22

Stad
Voss

Dato
10.12.2012

VEDTEKTER FOR DEI KOMMUNALE SKULEFRITIDSORDNINGANE I VOSS KOMMUNE

§1 Eigartilhøve

Vedtektene gjeld for dei kommuneeigde skulefritidsordningane, SFO.

§2 Lovverk m.v.

Skulefritidsordningane skal drivast i samsvar med "Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa, §13-7".

§3 Forvaltning

I samsvar med kommunestyrevedtak har Utval for levekår ansvaret for forvaltning av skulefritidsordningane i kommunen og med tilsynet av desse.

Levekårsutvalet vedtek retningsliner for innhald og opplegg.

§4 Føremål

Skulefritidsordninga er eit omsorgs- og aktivitetstilbod, utanom den obligatoriske skuletida.

Tilbodet gjeld for barn i 1.-4. årssteg, og for barn med funksjonshemming i 1. -7. årssteg.

Innhald og aktivitetar skal vera prega av barna sine behov for leik og kultur- og fritidsaktivitetar i sosialt samvær med andre.

Skulefritidsordningane skal elles drivast i samsvar med skulen si målsetjing.

§5 Styring og leiing

Skulefritidsordningane høyrer administrativt til Kommunal avd. pedagogiske tenester.

Samarbeidsutvalet ved skulen er styringsorgan for skulefritidsordninga.

Samarbeidsutvalet bør drøfta opplegg for skulefritidsordninga minst ein gong i året. Skulefritidsordninga bør til vanleg vera representert i samarbeidsutvalet ved ein av dei tilsette. Samarbeidsutvalet avgjer om det også skal veljast ein eigen foreldrerepresentant til samarbeidsutvalet. Rektor har det overordna administrative og pedagogiske ansvaret.

Skulefritidsordninga skal ha, under rektor, ein leiar med ansvar for dagleg drift. Denne bør ha relevant utdanning på høgskulenivå.

§6 Bemanning

Det bør vera 1 vaksen pr. 10-12 barn, avhengig av alders- og gruppesamansetjing. Tid til samarbeid med skulen elles kjem i tillegg. Med funksjonshemma barn i gruppa skal bemanninga kunne aukast.

§7 Netto leike- og opphaldsareal

Netto leike- og opphaldsareal for basen til skulefritidsordninga skal vera 2,5 kvadratmeter pr. barn tilstades samtidig. Skulefritidsordninga skal elles kunna nytta skulen sitt areal etter ein oppsett plan for bruk av bygging og uteareal.

§8 Opningstid

Ordinært SFO-tilbod:

Skulefritidsordninga blir oppretta når det er påmeldt 8 barn eller meir pr. dag. Dette gjeld på dagar etter skuleruta. I særlege tilfelle kan minstekravet til påmelding fråvikast. SFO-tilbodet ved den einskilde skule må sjåast i samanheng med drift av skulen, der lokale forhold vert vurdert. Dette kan likevel berre skje innafør dei til ei kvar tid vedtekne økonomiske ramar.

Utvida SFO-tilbod:

Dersom meir enn 10 barn pr. dag er påmeldt ved skulen barnet går på, vil skulen også kunna gje eit tilbod alle dagar; måndag - fredag unnateke dei 4 siste vekene i juli, og på skulen sine planleggingsdagar, samt dagane mellom jol og nyttår og måndag – onsdag i påskeveka.

Born frå skular som ikkje har tilbod om utvida SFO, får tilbod om utvida SFO ved annan skule enn den dei går på til vanleg, dersom slikt tilbod vert oppretta.

Felles:

Daglege opningstider følgjer av godkjenning og kommunale vedtak.

I tillegg kan skulefritidsordninga på skuledagar /ordinært tilbod selja einskilddagar ved ledig kapasitet.

Einskilddagar kan ikkje erstatta ordinært tilbod, og kan ikkje forplikte den einskilde skulefritidsordning utover den bemanning dei til ein kvar tid har.

§9 Opptak

Barnet skal i regelen få tilbod om plass i skulefritidsordninga på den skulen barnet går på.

I tilfelle ikkje alle kan få plass, avgjer rektor opptak. Til vanleg skal dei yngste ha førerrett til plass.

Det kan klagast på vedtaket jf. forvaltningslova §§28 og 29.

Påmelding skjer i april månad for komande skuleår. Påmeldinga gjeld for skuleåret. Det er høve til å søkja om 60 % plass eller 100 % plass i ordinært tilbod eller utvida tilbod.

§10 Opptaksperiode og oppseiing av skulefritidsplass

Plassar kan seiast opp, med to månaders skriftleg varsel til skulen. Det er utarbeidd eit eige skjema som kan nyttast ved oppseiing av plass.

Plassar kan endrast i løpet av skuleåret, med redusert plass med to månaders varsel, og auke av plass frå den tid rektor bestemmer, men seinast to månader etter at søknad om endring er sendt.

Oppseiing gjeld frå den dato som ligg næraste 1. eller 15., og to månader etter at oppseiinga er motteken av skulen.

Plassar kan ikkje seiast opp etter 1. februar, då det må betalast ut skuleåret for barn som sluttar i skulefritidsordninga etter 1. april.

Det må betalast for plassen i oppseiingstida, sjølv om barnet ikkje nyttar plassen.

Kommunen kan seiast opp plassar og avvikle tilbodet dersom barnetalet pr. dag kjem under minstepåmeldinga.

Kommunen kan seiast opp plassen ved manglande betaling, med ein månads skriftleg varsel.

§11 Foreldrebetaling

Betaling for opphald gjeld dei satsar som til ei kvar tid er fastsett av kommunestyret, og betalinga skal gjerast på tilsendte innbetalingskort. Det skal betalast for 10 terminar. Innbetaling skjer med halv sats i august og juni, og full sats i september - mai. Juli er betalingsfri.

Dersom barnet har leksehjelp som ein del av skulefritidsordninga, skal det ikkje betalast for denne tida etter føresegna i opplæringslova § 1 A-1. Det blir gjort fråtrekk i foreldrebetalinga for desse timane etter 1. januar for hausthalvåret og etter 1. april for vårhalvåret.

§12 Teieplikt

Dei tilsette i skulefritidsordninga, administrasjonen, medlemmer av samarbeidsutvala og utval for levekår har teieplikt vedkomande alle personopplysningar dei i kraft av stillinga/omboda vert kjent med, etter forvaltningslova §13 med utfyllande føresegner.

§13 Endringar i vedtektene

Administrasjonen kan gjera mindre endringar av vedtektene. Utval for levekår kan gjera endringar i vedtektene som ikkje bind kommunen ut over desse vedtektene.

Endringar av vedtektene som medfører endra rammer og/eller økonomiske konsekvensar skal avgjerast av kommunestyret.

Endringa gjeld frå 01.01.2013, og med verknad for tilbodet for påmelde elevar frå 15.08.2013.

(Vedtekne i LEV 06.11.12 sak 32/12/ KST 29.11.12 sak 87/12)

